

Stor interesse for bryggerilanseringsfesten.

25.10.2016



Margit Lund Mikkelsen i arbeid i bryggeriet

Det har vore fantastisk respons på lanseringsfesten til Mykle Mikrobryggeri på Oska komande laurdag. Påmeldingane har strøymt inn til festkvelden som går under tittelen Mykle Mikrobryggeri Tar Over Oska, og allereie seint mandag kveld kunne SmakifråOska meldt om at det var fullt på første delen av kvelden.

Dei melder vidare at det er mulighet å setja seg på venteliste, og at dei etter smakinga kl. 21:00 vil opna for plass til nokre fleire. Til desse plassene, etter sjølve lanseringsprogtammet, er det ikkje mogeleg å bestilla plass i forkant.

Det er Margit og Reinhard Lund Mikkelson som har starta opp Mykle Mikrobryggeri i Omvikdalen, og på festen på Oska fortel dei om prosessen som dei har vore gjennom med å etablera bryggeriet. Det blir samtidig halde ei ølsmaking, og Smakifrå lager små munnfullar som passar til dei forskjellige brygga.

Kvelden startar kl.19 med føredrag, ølsmaking og snacks. Smakinga kostear 150,-kr, og dette inkluderer 4 forskjellige smakar. Frå kl. 21 og utover vert det fest og nattsuppe. som sjølv sagt er smaka til med øl, og då opnar ein altså for litt fleire gjester.

Elles er no ferien over på Oska så nå gjeld det å følgja med på facebook-sida deira. Dei ventar enno litt med komletorsdagane, men komande søndag fristar Roy Lervåg med shepardpai med lammekjøt og masse godt tilbehør. Som vanleg er desserten inkludert i prisen, og dørene er opne frå kl.15.

Elles tikkar det stadig inn bestillingar på julebord både frå private og firma.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå Smakifrå si facebook-side.